

NVE  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

15.9.2014

**Høyringsuttale frå NHO Reiseliv Vest Norge - søknader med konsekvensutgreiing for kraftutbyggingsplanar i Jølstra, Jølster og Førde kommune i Sogn og Fjordane. Ref NVE 200904486-75, 201202273-47 kv/inh.**

Jølster er kjent for tunet til Nikolai Astrup, Jølstra Aura som er ein del av Jølstra og elva Jølstra. Vår og haust er utleiehytter i området fullbooka til fiskarar som skal fiske i Jølstra.

Nedre Jølster- og Vassenden området har pr idag stor aktivitet i tilknytning til fiske, rafting og andre friluftaktiviteter rundt elva Jølstra. Det er også i den seinare tida selt mange nye hyttetomter rundt Jølster skisenter og Sunnfjord Golfklubb, der planen er at gjestene skal kunne bruke aktiviteter rundt Jølstra i sommarhalvåret, og skisenteret i vinterhalvåret.

Rafting er også svært populært for hotellas weekend gjester, kurs og konferansar, blåturar osv. og det ville være negativt for hotella om dette opplevingsstilbudet falt bort.

Jølster trenger fleire turister og derfor er det svært viktig at vi tar vare på dei godt innarbeidde aktivitetane som allereie kan tilbydast, og at vidareutvikle desse.

I det aktuelle området er det fleire reiselivsbedrifter som vil bli direkte råka dersom desse utbyggingsplanane blir i verksett.

Påvirkning av fiske i elva

Jølstra er med på lista over dei 50 prioriterte elvane der NVE og Miljødirektoratet meiner at miljøkrava må skjerpast.

Miljødirektoratet og NVE meiner vassføringa må aukast i elvane for å få nettopp meir fisk, betre landskap og friluftsliv. Av 187 vassdrag som er analyserte, er 50 av dei peikte ut som topp prioriterte og Jølstra er altså ei av desse. Her skal miljøkrava skjerpast.

[Fiskeguiden.no](http://www.fiskeguiden.no) meiner dei nye utbyggingsplanane grip altfor sterkt inn i den unike naturen , i friluftslivet og i bumijøet i den vakre vestlandsbygda.

Jfr sak publisert i fiskeguiden.no 7.juni;

<http://www.fiskeguiden.no/fiskeGuiden/index.php?side=NyheterTo&NewsID=2292>

Dersom ein øydelegger for fiske, rafting og padling i Jølstra, slår ein ikkje berre beina under verksemdar som driv i reiselivsnæringa, men også mange fleire næringar i Jølster som livnærer seg i større og mindre grad av Jølstra - og turistar som kjem pga. Jølstra.

Konsekvensen av færre turistar blir færre som handlar i butikkane, overnattar i hyttene, eter ute på kafeteriaene og restaurantane, går på tur på breen, besøker galleriene mm. Dette vil få store ringverknader for *alle* næringar i Jølster som livnærer seg i stor eller mindre grad av turistar. Ein konsekvens vil bli at fleire bedrifter må legge ned, tap av arbeidsplassar og dårlegare servicetilbod til lokalbefolkninga. Resultat; ein mindre attraktiv stad å bu, og risiko for fråflytting.

På bakgrunn av dei store konsekvensene utbygging vil få for reiselivsnæringa anmoder NHO Reiseliv Vest Norge om at det ikkje vert gjeve godkjenning for kraftutbygging i Jølstra.

På vegne av styret i NHO Reiseliv Vest Norge

Wenche Salthella  
Bransjesjef

NHO Reiseliv er den største interesseorganisasjonen for reiselivet i Norge. Organisasjonens over 2.500 medlemsbedrifter omsetter for rundt 30 milliarder kroner årlig og har 55.000 ansatte. Medlemsbedriftene utgjør alt fra de største hotellkjedene til restauranter, destinasjonsselskaper og opplevelsesbedrifter. NHO Reiseliv har hovedkontor i Oslo, er representert ved NHOs 15 regionkontorer, og er den eneste landsdekkende interesseorganisasjonen for norske reiselivsbedrifter. NHO Reiseliv er den nest største landsforeningen i NHO målt i antall medlemsbedrifter.